



OPPLEVELSE: Spillere fra Tornado Måløy og Eid fikk drømmedag på Ullevaal. FOTO: THOMAS BJØRNFLATEN/NYEBILDER.NO

Spillerne fikk drømmedag på Ullevaal

Fotballspillere fra Tornado Måløy og Eid var blant de heldige om fikk oppleve Ullevaal stadion og det norske herrelandslaget på nært hold i helgen.

Ungdommene var invitert av

OBOS og NFF til «OBOS Drømmedag». Dette var spillere som var nominert fra sine klubber og kretser basert på at de er talentfulle spillere, heter det i en melding fra Norges fotballforbund.

Dagen startet med omvisning i operaen. Senere var det med foredrag fra NFFs Håkon Grøttland, leder av Idrettenes karriere-

representanter Karianne Stensen Gulliksen og landslags- og Stabæk-spiller Ingvild Isaksen, Nils Johan Semb og Kristiansund-trener Christian Michelsen ga fotballfaglige innspill, samt at Eddie Thomas fortalte om OBOS og fotballsporing.

● Les hele saken på fjt.no

Elevane set venskapen i første rekke

Elevane Rikke Otneim, Amila Adna Adzemovic og Einar Hoddevik ved Måløy vidaregåande skule meiner venskap er ein av nøklane til god psykisk helse blant ungdom i dag.

– Venskap er veldig viktig. Det skjer alltid noko i liva våre, om det er skule- eller fritidsrelatert, og då er det alltid godt å ha nokon å snakke med. Det er kjekt å ha nokon som seier hei til deg når du kjem på skulen. Då kjenner ein seg inkludert, og då blir kvardagen mykje betre, seier Otneim.

Har blitt meir bevisste

Tysdag vart verdsdagen for psykisk helse markert på Måløy vidaregåande skule. Årets tema handlar om å vere raus. For Otneim, Adzemovic og Hoddevik handlar det om å vere seg sjølv, tørre å feile og å vere

rause med andre. Dei trur ungdommar har blitt flinkare til å inkludere kvarandre, grunna fokuset som har vore på psykisk helse blant ungdom.

– Det er vanskeleg for oss å sjå det, men ein kan legge merke til om nokon sit aleine i kantina eller sit for seg sjølv i friminutta, seier Hoddevik.

– Eg trur at vi har blitt meir bevisste på dette og at vi difor har blitt flinkare til å inkludere dei i aktivitetar og samtaler, legg Otneim til.

Dei meiner ein verdsdag for psykisk helse og arrangementet på skulen deira er viktig.

– Det er eit viktig tema, og det er bra at ein ikkje legg skjul på det. Det er veldig mange som tenker at det er tabu å snakke om slike ting, men det er eigentleg ikkje det. Alle har ei psykisk helse, og slit med ulike ting, slår Otneim fast.

Opplever presset ulikt

Press blant ungdom både når

det kjem til utsjånad, skuleprestasjonar og å gjere det godt i fritidsaktivitetar har vore sett på dagsorden gjennom fleire ulike kanalar den siste tida. Elevane ved den vidaregåande skulen har ulik oppfatning om kor hardt dei er råka av presset.

– Det er lite press her samanlikna med andre stader, men det er jo individuelt korleis ein opplever dette presset. Mange omtalar ungdommar som skjøre og at vi tar ting til oss. Men vi er ikkje det, seier Adzemovic.

– Det å prestere på skulen er eit større press enn å gjere det godt på fritidsaktivitetar. Der gjer du dine ting, og det betyr ikkje noko om du feilar. På skulen har vi dei same arbeidsoppgåvene, og vi får karakter på det, og då er det lettare å samanlikne, fortel Otneim.

Elevane er alle samde om at presset på karakterar var større på ungdomsskulen.

– Der var det meir press, og ein spurte gjerne høgt i klasse-



rommet om kva dei andre fekk. No har vi nok blitt meir vaksne, og det er meir respekt knytt til at nokre ikkje vil dele kva resultat dei har fått, fortel Hoddevik.

– Når ein snakkar om at slike kommentar eller spørsmål fører til press blir vi meir bevisste på det. Då skjønar vi det betre neste gong, og vi er dermed meir forsiktige. Kanskje vi spør om folk vil dele kva dei har fått

i staden for å spørje kva dei fekk, legg Otneim til.

– Det er lov å feile

To av punkta som blir framheva på verdsdagen for psykisk helse, som var 10. oktober, er at det å vere raus er å våge å feile og samstundes tillate andre å feile. Dette meiner elevane er viktig på fleire område.

– Det handlar om av vi må



VISER FRAM TILBODET: Miljøkoordinator Inga Bjørneset (f.v.), lærling i barn og ungdom Benedicte Eksund Olsen og helsesøster Birgitte Wåge Nygård ønskjer å vere tilgjengelege og synlege for elevane.

– Viktig for oss å vere synlege

Miljøkoordinator Inga Bjørneset meiner elevane er flinke på inkludering, men peiker samtidig på viktigeita av eit godt tilbud til dei som treng det.

– Alle har ei fysisk og psykisk helse, og eg føler er elevane er flinke på å ta vare på kvarandre. Samstundes veit vi at det er nokre som slit. For dei er det

viktig å vite at vi er der, seier Bjørneset, som i tillegg til å vere miljøkoordinator ved Måløy vidaregåande skule er utdanna psykiatrisk sjukepleiar.

– Det å vere raus handlar om så mykje. Ein skal vere raus med seg sjølv ved å sette grenser og ein skal vere raus med andre ved å akseptere ulikskapar og lage rom for alle. Respekt er eit nøkkelord.

Bjørneset meiner det er viktig å vise at ein har eit tilbud.

– Vi et ofte lunsj i kantina for å gje elevane eit ansikt på oss. Vi skal vere tilgjengelege for dei.

Helsesøster Birgitte Wåge Nygård er på skulen to gongar i veka, og har ei open dør for elevane på skulen.

– Vi blir kontakta av elevar som vil snakke, og det er veldig positivt. Nokre føler at det er tabu å snakke om psykisk helse, men sanninga er at dei fleste av oss har eit eller anna vi slit med, seier ho.



KONSERT: Onsdag 24. oktober kan en oppleve Nikolsky Male Ensemble i Sør-Vågsøy kirke. PRESSEFOTO

Berømt ensemble kommer tilbake

Nikolsky Male Ensemble kommer tilbake til Vågsøy og Sør-Vågsøy kirke onsdag 24. oktober.

– Musikkutvalget i Vågsøy sokn var så heldige å få et konserttilbud av Nikolsky Male Ensemble fra Russland igjen. De var her

også i fjor i november, sier Alice Teunis i musikkutvalget.

Ensemblet høstet mye ros for opptreden de hadde da.

Nikolsky Male Ensemble består av fem mannlige sangere fra Saratov i Russland, hvorav fire stiller til konsert i Sør-Vågsøy kirke. I hjemlandet er ensemblet engasjert som solister i

operaer og konserter. Ensemblet har det som mål å opprettholde de russiske tradisjonene i kirkemusikk og å presentere motetter fra øst-kirka for et vestlig publikum.

Det kjente ensemblet turnerer i Norge nå, men har også vært i England.



MEIR BEVISSTE: Elevane Rikke Otneim (f.v.), Amila Adna Adzemovic og Einar Hoddevik ved Måløy vidaregåande skule trur ein i dag er meir bevisste på presset og den psykiske helsa vi alle har. – Alle har ei psykisk helse, og slit med ulike ting, seier Otneim. ALLE FOTO: MARIANNE S. ROTIHAUG

vere ærlege med oss sjølve å seie at vi feilar, og då må sjølv-sagt andre også få lov til å feile. Det er nok du sjølv som tenker mest over at du har gjort noko feil, meiner Rikke Otneim.

– Om ein dett, så kjem ein seg

opp att, supplerer Hoddevik.

Elevane ved Måløy vidaregåande skule trekk også fram at dei set stor pris på tilbodet med helsesøster som finst på skulen.

– Det er veldig greitt å ha ei helsesøster for dei som ikkje har

andre å snakke med. Vi veit at den personen ikkje tar det som blir sagt vidare. Det er veldig trygt å vite at vi har ein slik person, seier Adzemovic.

MARIANNE SOLHEIM ROTIHAUG
marianne@fjt.no

Aktivitetar fylte dagen

Under markeringa av verdsdagen for psykisk helse kunne elevane delta på fleire aktivitetar.

– Vi har mellom anna hatt ein diktkonkurranse der klassene har levert inn dikt om temaet, som er å vere raus, fortel miljøkoordinator Inga Bjørneset.

Dikta vart lest opp og premiert under lunsjen i kantina på skulen tysdag.

På programmet stod også trening i form av yoga, og ein eigen stand med smoothie og informasjon om blant anna psykevettreglane.

I tillegg vart det tysdag ettermiddag arrangert open skule der elevane kunne få servert gratis middag og saman delta på ulike aktivitetar.

Vågsøy ungdomsskule hadde si markering av verdsdagen for psykisk helse torsdag.



DIKTKONKURRANSE: Klassene på Måløy vidaregåande skule leverte inn dikt om å vere rause.

TINGLYSTE SKØYTE

VÅGSØY

- Andel av Nordvågsøyvegen 487 (Gnr 127, bnr 12) er overdratt fra Osvald Alfred Refvik til Gunhild Refvik (25.07.2018)
- Andel av Øvre Eldevika 14 (Gnr 151, bnr 46) er overdratt fra Odd Ivar Pettersen til Sissel Astrid Løvoll (25.07.2018)
- Overdragelsen omfatter også andel av Gnr 151, bnr 48
- Blålidvegen 73 (Gnr 107, bnr 26) er solgt for kr 2.350.000 fra Nancy Berit Gangsøy til Birgitte Eltvik Nygård og Jo Carlson (26.07.2018)
- Gate 6 79 (Gnr 117, bnr 197) er solgt for kr 2.700.000 fra Arve-Per Kvalheim og Britt Småvik til Bjørn Inge Strand og Rutt-Lovise Sætren Strand (27.07.2018)
- Gate 1 40 (Gnr 113, bnr 57, seksjon 6) er solgt for kr 975.000 fra Anna Kristi Gangsøy til Margunn H Kjervik (30.07.2018)

SELJE

- Gnr 22, bnr 28 er overdratt fra Helga Aslaug Swensen til Jarle Stig Swensen, Normann Swensen, Ove Jonny Swensen, Siw Jorunn S Raudøy og Tor Helge Swensen (11.07.2018)
- Andel av Gnr 43, bnr 10 er overdratt fra Per Malvin Hoddevik til Gullborg Margit Hoddevik og Perly Eide (19.07.2018)
- Gnr 22, bnr 16 er solgt for kr 726.000 fra Eivind Dahle Sjøstad, Kristian Dahle Sjøstad og Odin Dahle Sjøstad til Ann-Kathrin Ervik og Bent André Honningsvåg (20.07.2018)
- Gnr 8, bnr 2 er overdratt fra Sverre Sandviknes til Petra Marie Leikanger (27.07.2018). Overdragelsen omfatter også Gnr 8, bnr 6. Overdragelsen omfatter også Gnr 8, bnr 9
- Gnr 24, bnr 20 er overdratt fra Odd Magne Stave til Merethe Stave (01.08.2018). Overdragelsen omfatter også Gnr 25, bnr 7

EID

- Kvernhusvegen 19 (Gnr 44, bnr 276) er solgt for kr 3.020.000 fra Thomas Aahjem til Bente Iren Torheim og Vidar Kjøde (03.07.2018)
- Gnr 19, bnr 63 er solgt for kr 232.489 fra Eid Kommune til Din Bustad As (04.07.2018)

● Gnr 44, bnr 635 er overdratt for kr 1.759 fra Eid Kommune til Magnar Heggen (04.07.2018)

● Gnr 49, bnr 7 er solgt for kr 2.700.000 fra Liv-Beate Gjerde til Håvard Frøysland Vikebø og Siw-Jannicke Aamot (04.07.2018). Salget omfatter også Langlandsåsen 3 (Gnr 49, bnr 22). Salget omfatter også Gnr 49, bnr 31

● Panoramavegen 3574 (Gnr 142, bnr 4) er overdratt fra Einar Asbjørn Kåre Lote til Eli Sollaug Lote (04.07.2018). Overdragelsen omfatter også e.d. i Sykkylven kommune

● Sjøavegen 111 (Gnr 146, bnr 26) er overdratt fra Olav Henden til Annette Henden (04.07.2018)

● Fjellvegen 43 (Gnr 43, bnr 149) er overdratt fra Torbjørn Jostein Vingen til Ingrid Vingen Vedeld, Magnar Tore Vingen, Rune Vingen og Torill Margun Vingen (05.07.2018). Overdragelsen omfatter også e.d. i Vågsøy kommune

● Slalåmvegen 17 (Gnr 26, bnr 14, seksjon 8) er solgt for kr 2.150.000 fra Irene Humborstad og Ronny Bjørndal til Therese Reed og Øyvind Reed (06.07.2018)

● Andel av Tverrgata 16 (Gnr 44, bnr 9, fnr 8) er solgt for kr 950.000 fra Kaja Frederikke L Skaar, Karoline H Longem Skaar og Thea Bärbel Evy L Skaar til Harald John Skaar (06.07.2018)

● Tverrgata 16 (Gnr 44, bnr 9, fnr 8) er overdratt fra Evy Freya Skaar til Jon Ivar Skaar (06.07.2018)

● Tverrgata 16 (Gnr 44, bnr 9, fnr 8) er overdratt fra Jon Ivar Skaar til Harald John Skaar, Kaja Frederikke L Skaar, Karoline H Longem Skaar og Thea Bärbel Evy L Skaar (06.07.2018)

● Tverrgata 16 A (Gnr 44, bnr 309) er overdratt fra Jon Ivar Skaar til Harald John Skaar, Kaja Frederikke L Skaar, Karoline H Longem Skaar og Thea Bärbel Evy L Skaar (06.07.2018)

● Andel av Tverrgata 16 A (Gnr 44, bnr 309) er solgt for kr 950.000 fra Kaja Frederikke L Skaar, Karoline H Longem Skaar og Thea Bärbel Evy L Skaar til Harald John Skaar (06.07.2018). Salget omfatter også e.d. i Vågsøy kommune.

KJELDE: STATENS KARTVERK